# Vekeplan 10. trinn Veke 51 og 1

| LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN: | |
|---|---|
| **Norsk** | • Kunna laga eit manus<br>• Kunna bruka manus til å laga ein liten film |
| **Engelsk** | • New Year's resolutions<br>• Introducing 5 paragraph text<br>• Referencing articles in your texts. |
| **Matematikk** | Læra om<br>• funksjonar og funksjonsuttrykk<br>• lineære funksjonar med stigningstal og konstantledd<br>• brøk-, andregrads- og eksponentialfunksjonar<br>• praktisk arbeid med ulike funksjonar og grafar<br>• korleis vi kan bruka og laga matematiske modellar |
| **Naturfag** | • Gi døme på korleis arealinngrep og klimaendringar påverkar det biologiske mangfaldet<br>• Gi døme på forureining og gjere greie for korleis miljøgifter påverkar oss og naturen rundt oss<br>• Diskutera positive og negative konsekvensar av menneskeleg påverknad |
| **Samfunnsfag** | • Samanlikna korleis politiske, geografiske og historiske forhold påverkar levekår, busetjingsmønster og demografi i forskjellige delar av verda i dag<br>• Skildra ulike dimensjonar ved berekraftig utvikling og korleis dei påverkar kvarandre, og presentera tiltak for meir berekraftige samfunn |
| **KRLE** | • Utforska og presentera religiøst mangfold og religiøse praksis utanfor etablerte religionssamfunn. Eks: Alternativbevegelsen<br>• **10C og A:** kunna seia noko om kristendomshistorie frå Paulus si tid til reformasjonen |
| **Spansk** | • Repetisjon av verbale tidsbøyningar<br>• Repetisjon av 'tener que' og å snakka om ting du må gjera<br>• Fortsetja med dagleg rutine og snakka på spansk om ein vanleg dag i ditt liv |
| **Tysk** | • Kunna fortelja om framtidsplanar og draumar<br>• Kunnna snakka i presens, preteritum og presens perfektum |
| **Arbeidslivsfag** | • Undersøka behov for varer og teneste på skulen og i lokalsamfunnet<br>• Kunna planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag<br>• Vurdera sin eigen og gruppa sin arbeidsinnsats, arbeidsprosess og arbeidslivet sine resultat |
| **Kroppsøving** | **Innebandy/Basis:**<br>• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar |

| | |
|---|---|
| | • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar<br>**Symjing:**<br>• Forstå og gjennomføra livreddande førstehjelp<br><br>**Innsats:**<br>Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre<br>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra din eigen fysiske kapasitet og samarbeida med andre |
| **K&H** | Fordjupa seg i ei visuell uttrykksform og/eller ein handverksteknikk, utforska moglegheiter gjennom praktisk skapande arbeid og presentera val frå idé til ferdig resultat. |
| **Musikk** | Når klassen etter kvart går over til å dansa skotske folkedansar, er målet å læra seg dansane, slik at ein dansar i takt med innleving. |
| **Utdanningsval** | Å skaffe seg MinID og/eller BankID **før** veke 2, slik at alle kan være med å legge inn første utkast til VGS-søknad i veke 2. |
| **Friluftsliv** | - Planlegge nye turar |
| **Design** | • du må utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikle dei til eigne produkt.<br>• kunne bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale |

| **INFORMASJON TIL HEIMEN** |
|---|
| **Førjulstid**<br>Me koser oss med juleaktivitetar på trinnet. Klasseromma er pynta, og me kjem i god julestemning. Torsdag arrangerte trinnet fin adventsgudsteneste i kyrkja og adventsamling i aulaen. Mange elevar var med og bidrog på ein flott måte. Elevrådet har dratt i gang temaveker, og 10. trinnet er skikkeleg ivrige med diverse utkledningar. Me fortset med undervisning og læring heilt fram til jul, sjølv om elevane nok vil ha julekos i kvar time!<br><br>**Vgs og innsøking**<br>Det er svært viktig at alle elevane skaffer seg MinID og/eller BankID før veke 2, slik at alle |

| |
|---|
| kan være med å legge inn første utkast til VGS-søknad i veke 2.<br><br>**Terminslutt**<br>Fredag i veke 2 er terminslutt, og det vil seie at det ikkje blir fleire vurderingar før karakteren blir satt. Onsdag i veke 3 vil elevane finna karakterar og halvårsvurderingar på Visma.<br><br>**God jul og eit godt nytt skulehalvår!**<br>Me ønskjer alle ein fin juleferie og gler oss til siste halvår med godgjengen på 10. trinnet! Me er klar for masse god læring før vgs!<br><br>Tysdag 2. januar er planleggingsdag. Første skuledag etter ferien er onsdag 3. januar.<br><br>Helsing oss på 10.trinn |

| **PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR** | | | |
|---|---|---|---|
| **Fag** | **Kva** | **Vurdering** | **Veke/dato** |
| Engelsk, 10B | Munnleg vurdering “Indigenous peoples” | Karakter | 51 + 1 |

| **HEIMEARBEID VEKE 51** | | |
|---|---|---|
| **Norsk** | | Les 2x20 min i boka di. Rapporter sidetal og oppdater OneNote under “Bøker eg har lese”. |
| **Engelsk** | 1 | Record yourself answering the following question:<br>• What are your plans for this Christmas holiday? Who are you planning to celebrate it with?<br>The recording should last at least 2 minutes and handed in on ON. |
| | 2 | + munnleg vurdering «Indigenous peoples» (10B) |
| **Samfunnsfag** | | Faglærar gjer heimearbeid |
| **Spansk** | | Les Gente 10. Side 58 |
| **Tysk** | | Diktat (utsett lekse) tysdag. |
| **Kroppsøving** | | **Innebandy/Basis:** Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne.<br><br>**Symjing**: Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD |
| **Musikk** | | Skotske folkedansar: Øv på å gå i takt og på jentehopp om du ikkje får det til med ein gong. |
| **Utdanningsval** | | Dersom du ikkje har MinID eller BankID, me det ordnes NÅ. Lurt å ha begge deler. |
| **Friluftsliv** | | Avspasering |

| **HEIMEARBEID VEKE 1** | | |
|---|---|---|
| **Norsk** | | Les 2x20 min i boka di. Rapporter sidetal og oppdater OneNote under “Bøker eg har lese”. |

| | | |
|---|---|---|
| **Engelsk** | | New year resolution: Write two or three new year resolutions you have for yourself. Write them on ON<br><br>**Beskjed til 10B**: Dei som ikkje ble ferdige i veke 51, skal presentere denne veka + lekse! |
| **Matematikk** | | I oppgåvebok s. 64 - 68: 2.115, 2.119, 2.122. |
| **Samfunnsfag** | | Faglærar gjer heimearbeid |
| **Naturfag** | | Les s. 33-37<br>Forklar orda biologisk mangfald og arealendring<br>Gjer oppgåva s. 37 om vegutbygging |
| **Spansk** | | Skriv ein liten tekst (cirka 30 ord) der du skriv om veret på Bryne om vinteren. |
| **Tysk** | | Repetere bøying av modale hjelpeverb. Sjå s. i Leute. Skriv ein kort tekst om kva du *skal, vil, må, kan, får lov til og likar.(* Altså dei modale verba-og hugs at hovedverbet må stå i infinitiv. «Ich darf nicht Auto **fahren**.») |
| **Arbeidslivsfag** | | Alle skal vera på skulen denne veka. Arbeida med eigavurderinga. |
| **Kroppsøving** | | **Innebandy/Basis:** Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne.<br><br>**Symjing**: Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD |
| **Musikk** | | Skotske folkedansar: Øv på å gå i takt og på jentehopp om du ikkje får det til med ein gong. |
| **Utdanningsval** | | Neste veke, i veke 2, opner Vigo.no for innsøking til vgs. Då skal klassane i utv-timen legge inn første utkast til vgs-søknad. Ta med MinID eller BankID (kodebrikke om du bruker dette). Søknaden kan enkelt endrast seinare. |
| **Friluftsliv** | | Møt i klasserommet. Me skal planlegga nye turar. |

*Bryne ungdomsskule*